

Lønnsamt oppdrett av oksar og kastratar av landraser

Forutsetningar og metode

Urfe sa og Nortura sa vil ha inn meir slakt av dei gamle rasane. Potensialet for auka slaktevolum er kanskje størst ved å fore opp oksekalvane til slaktemodne oksar eller kastratar i staden for å slakte dei som kalv. Beitekravet inneber at alle Urfe slakt skal vera frå dyr som har vori minst ein sesong på beite. Dei kan vera ute ein sesong på beite og så slaktast som såkalla "åringar". Alternativet er kastrering, og då kan oksene få to utesesongar, eller opptil 3 sesongar ute om dei når ein slaktealder på 30 mnd. Framføringstida blir betydeleg lenger, men vi skal sjå at økonomien er interessant likevel.

Me har sett gjennom slakteloggar frå siste åra for å finne ut realistisk slaktevekt og klasse, og dermed slaktepris :

| | | |
|--------------------|--------|--|
| Kastrat 30 månader | 260 kg | O-3-, Urfe tillegg 6,50,- + "kvalitetstilskot" 2,50,- på 20 % av slakta |
| Kastrat 24 månader | 230 kg | O-3-, Urfe tillegg 6,50,- på 80% av slakta + "kvalitetstilskot" 2,50,- på 20 % av slakta |
| Okse 17 månader | 202 kg | O-3-, Urfe tillegg 6,50,- på 70 % av slakta + "kvalitetstilskot" 2,50,- på 40 % |

For begge gruppene av kastratar (24 og 30 mnd) i vårt eksempel er beiteprosenten av forkravet på heile 36 %. I praksis vil denne prosentten av forkravet variere mykje med kor i landet dyra beiter. Ved kysten mange plassar er beitesesongen gjerne frå månadsskiftet april/ mai til langt uti oktober, medan høg fjellsområder byr på kortare sesong, gjerne frå midten av juni til starten av september. Produsentar med landraser nyttar både kulturbeiter og utmarksbeiter i ekstensiv produksjon, og mange forer såkalla "grasfeed" ; altså nyttar dei kraftfor på totalt under 10 % av forkravet.

Forings- og økonomirådgevar Elisabet Kluften frå Nortura har teki utgangspunkt i slakteresultat frå Urfe og satt desse inn i kalkylemodellar som Nortura bruker. Modellen til Nortura tek omsyn til at gamle kurasar er mindre av vekst, og dette justerer modellen automatisk med tanke på blant anna vedlikehaldsfor.

Forenhetskostnader er satt til 2,40,- for grovfor og 3,85,- for kraftfor.

Det er satt opp kalkyler for å vise økonomisk resultat av ulike valg. Kalkylene viser både dekningsbidrag og forforbruk pr år og i heile livsløpet :

- Hereford innkjøpt ved 7 mnd alder, slaktealder 16 mnd. Inneforing. 41,5 % kraftfor.
- Sidet trønderfe og nordlandsfe og Vestlandsk fjordfe innkjøpt ved 4 mnd alder, slaktealder 17 mnd. Inneforing. Kraftfor 23,6 %
- Stn/vff sjølrekruttert (reknar heile livsløpet til oksen frå nyfødd til slakting), slaktealder 24 mnd (kastrert, 2 sesongar på beite). Kraftfor % kun 9,3 %.

- Stn/vff sjølrekruttert (reknar heile livsløpet til oxen frå nyfødd til slakting), slaktealder 30 mnd (kastret, 3 sesongar på beite). Kraftfor % kun 7,2 %. Dette opplegget fordrer at oxen er fødd i tidsrommet januar-mars, hvis ein skal ha 3 sesongar på beite.

Kalkylene er satt opp slik at dei viser dekningsbidrag pr dyr, men det interessante er kva dekningsbidrag ein kan oppnå på heile garden, enten med grovfor som begrensande faktor eller fjøsplass. Her er berekna ut frå at grovforet begrenser produksjonen, og antal dyr satt deretter. 100 daa fulldyrka grasareal er tilgjengeleg, i tillegg kulturbeiter og utmarksbeiter. Dekningsbidrag(DB) totalt er berekna ut frå dette grovforarealet i alle kalkylene.

Resultat og konklusjon

| | lett kjøttfe okse | stn/vff okse 17 mnd | stn/vff okse 17 mnd | stn/vff 24 mnd kastrat | stn/vff 30 mnd kastrat |
|--------------------------|----------------------|------------------------|------------------------|---------------------------|---------------------------|
| | innkjøpt 7 mnd | innkjøpt 4 mnd | nyfødt | nyfødt | nyfødt |
| FeM surfor | 1200 | 1200 | 1200 | 1730 | 2300 |
| FeM surfor pr år | 1600 | 1108 | 1108 | 865 | 920 |
| DB pr dyr | 4655 | 4820 | 7006 | 10723 | 13483 |
| DB pr dyr pr år | 6207 | 4449 | 6467 | 5091 | 5393 |
| Forenheter 100 daa | 45000 | 45000 | 45000 | 45000 | 45000 |
| antall dyr på 100 daa | 28,1 | 40,6 | 40,6 | 52,0 | 48,9 |
| DB totalt på 100 daa | 174572 | 180690 | 262649 | 264850 | 263788 |

Vi ser at slaktemodne oksar/ kastratar av landraser (24 mnd og 30 mnd) kjem like bra ut som ukasterte oksar med slaktealder på 17 mnd, og betre for landraser enn for lett kjøttferase.

Lett kjøttfe (Hereford og Angus) gjev litt lågare dekningsbidrag pr dyr, men atskillig høgare bidrag pr år, dette på grunn av rask framføring/ hurtig omløp (11 mnd oppføring av kjøttfe, 13 mnd på Urfe). Landrasene har mest like høg tilvekst dei første månadene, men taper tilvekst på slutten. Likevel kjem landrasene litt betre ut enn lett kjøttfe på eit eksempelbruk med 100 daa grovfor hvis det er grovforet som bestemmer kor mange dyr ein kan ha. Årsaka er at ein kan ha langt fleire dyr av landraser fordi dyr av mindre vekst et mindre og fordi beite er billigare enn kraftfor.

Det er ikkje rekna på arbeidstimar. Dette vil variere mykje med både fjøsløysning og kor lett beitene er å drifte.